

# LINDÅS KULTURRÅD

Lindås kommune  
v/ Atle Vaage

02. feb 2017

## UTTALE – Regelverk for utleige av Lindås kommune sine bygningar og anlegg

Lindås kulturråd ser positivt på at det er utarbeidd eit godt regelverk i samband med utleige av kommunale bygningar og anlegg.

Imidlertid ser vi at dette vil få stor betydning for einskilde lag og organisasjonar som hittil har hatt gratis lokale. Når det gjeld leigeprisar meiner vi det er greitt, men lag/organisasjonar som leiger over lengre tid, t.d. meir enn 5 gonger, bør få redusert pris.

**Pkt 2 – andre strekpunkt:** «For anlegg eller enkeltrom bygd ved hjelp av spelemidlar, skal idrettslege føremål ha prioritet».

Lindås kulturråd meiner at spelemidlar brukt til kulturformål må kome inn som ei vurdering i dette punktet. Spelemidlar blir ikkje berre brukt til idrettsuttrykk. Som eksempel kan nemnast amfiet i Storstova på Leiknes skule.


### Pkt 5. «Prioritering av utleige og tildeling av tid»:

Lindås kulturråd meiner at som pkt 2 i prioriteringsrekkja må stå følgjande:

2. Vaksne som driv aktivitet med tilskot etter «Voksenopplæringslova, jmf. § 7 i lova».

Lindås kulturråd meiner at når det gjeld den auka leigekostnaden for dei einskilde lag og org i samband med regelverket, bør dette evaluerast etter eit år.

Med venleg helsing



Einar Vatne  
styreleiar



Per Ole Ekker  
sekretær